



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til nytt forslag for områdeplan for Ostereidet i Alver kommune

Områdeplan for Ostereidet var til offentlig ettersyn i 2019 og har hatt ein lang planprosess. Det var halde eit dialogmøtet 20.08.2018, der det vart fremja motsegn frå Statens vegvesen og det vart semje om å arbeide vidare med planen på fleire punkt jf. samordna uttale med motsegn datert 18.10.2019. Etter dette vart planen arbeida vidare med og har vore på avgrensa høyring i juli-august 2020 og januar-februar 2021.

Statsforvaltarens vurdering av forslag sendt på høyring 27.01.21

I forslaget sendt på høyring 27.01.2021 hadde kommunen retta opp Statsforvaltaren sine merknadar til universell utforming og plankrav, men Statsforvaltaren var framleis uroa over handtering av støy i plandokumenta. Vi vurderte at kommunen hadde følgd opp våre merknader på støy i nokon grad, men at planskildringa framleis ikkje i stor nok grad visar verknad av støy for nye tiltak i planen og at føresegnene som omhandlar støy ikkje er klare nok.

Støykrav i tabell 3 i T-1442 skal i utgangspunktet leggest til grunn for planen. Om dette ikkje er mogleg, må det komme klart fram i planarbeidet, slik at verknad av planen kjem fram og det vert mogleg for høyringsinstansar og andre partar å medverke.

Tabell 3: Anbefalte støygrensar ved planlegging av ny støyende virksomhet og bygging av boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager. Alle tall oppgitt i dB, innfallende lydtrykknivå. Se kap 6 for definisjoner.

Støykilde	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor vinduer til rom med støyfølsom bruksformål	Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23 – 07	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, dag og kveld, kl 7 - 23	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, lørdager	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, søndag/helligdag
Vei	L _{den} 55 dB	L _{5AF} 70 dB	-		

Vi forstår det slik at kommunen ønsker å legge til grunn støygrensene i T-1442. For å få dette til, er det viktig at føresegnene er eintydige.



Vi viser til rettleier for T-1442, som mellom anna seier at:

«Formuleringen "Klima- og miljødepartementets retningslinje T-1442/2016 legges til grunn for planen" anbefales ikke, da den ikke er konkret og viser til en hel retningslinje som kan tolkes. Som et minimum må det omformuleres til "Grenseverdiene gitt i tabell 3 i Klima- og miljødepartementets retningslinje T-1442/2016 gjøres gjeldende for planen". Alternativt kan tallfestede aktuelle grenseverdier tas inn i planbestemmelsene. Da vil grenseverdiene være entydig definert selv om retningslinjen senere revideres.»

Det visast framleis til heile støyretningslinja i føresegnene (3.5, 5.5 og 5.2.2), men det vert presisert at utandørsstøy ikkje skal overstige 55 dB i føresegn 5.5. Vi vurderer føresegnene som uklare. Presiseringa viser ikkje til at støynivået L_{5AF} 70dB skal gjelde for støy utanfor soverom om natta. Føresegn 5.5 gjeld for raud og gul støysone og slik den er utforma kan den tolkast som om støynivået ikkje på nokon tidspunkt kan overstige 55 dB i heile dette området uavhengig av bruk. Vi trur ikkje at det er dette kommunen meiner. Vi meiner at føresegnene må vere klarare på kva grenseverdiar som gjeld for planen.

Vi viser vidare til rettleiar for T-1442, side 38:

«Det er viktig at planbestemmelsene om støy er tilpasset den aktuelle planen. Det er ingen grunn til å bruke ovennevnte formulering (Grenseverdiene gitt i tabell 3...) dersom planforslaget faktisk innebærer at deler av ny bebyggelse vil få støy over grenseverdiene.»

Dersom planen skal tillate avvik fra grenseverdiene, må dette være beskrevet i planbestemmelsene. Noe annet kan i verste fall innebære at man skjuler faktiske virkninger av et planforslag for de impliserte parter, noe som er lovstridig»

Statsforvaltaren meiner difor at det er viktig at planarbeidet avklarar om det er mogleg å oppnå ønska støyforhold i planområdet. Kommunen har i tidlegare dialog med Statsforvaltaren sagt at dei meiner at dette ikkje er eit problem, men vi kan ikkje sjå at dette kjem klart fram i vurderingane i planskildringa på alle tema eller i støyrapporten. Det er vurdert at leikeareal BLK2 kan få gode nok støyforhold ved oppføring av støyskjerm langs veg og støyskjermen er innarbeida i plan. Dette er bra. Vi saknar ei vurdering av realismen i støykrava i resten av gul støysone, som til dømes sentrumsområdet.

Arbeidsmøte og reviderte forslag

Det vart halde eit arbeidsmøte på Teams den 18.02.2021 for å diskutere støy i planområdet. Det vart semje om at kommunen skulle sende eit forslag med reviderte føresegn på tema støy og revidert tekst til planskildring. Kommunen sendte eit revidert forslag på e-post 24.02.21, som vart utgangspunkt for ein konkret diskusjon om ordlyden i føresegnene.

Statsforvaltaren og kommunen er no samde om følgjande ordlyd:

«3.5 Støy (§12-7 nr.12)

I samband med detaljreguleringsplan og ved søknad om tiltak skal det gjennomførast støyvurdering som omfattar nye bygg, i samsvar med gjeldande retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging for tiltak innanfor støysoner vist i plankartet, jf. § 10.2.

5.2 Støysone (sone H210 og H220)



Støygrensene i tabell 3 i noverande retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442/2016, gjelder. Støy på uteopphaldsareal skal ikkje overstige Lden 55 dB.

5.2.1 Raud støysone (H210)

Det er ikkje tillate med etablering av bygg med støyfølsame funksjonar innanfor sona.

5.2.2 Gul støysone (H220):

Dersom støykrava ikkje kan oppfyllest for sentrumsområda BS 1, 2 og 3 må det synleggjerast og dokumenterast tiltak for å oppfylle krava for støyfølsamt formål som bustad så langt som mogleg i samsvar med gjeldande støyretningsline T 1442/2016.

For fasadar langs E39 kan grenseverdien for bustader vere opp til Lden = 65dB for støy frå vegtrafikk dersom følgjande føresetnader er oppfylt:

- Bygningane må utformast med gjennomgåande leilegheiter og ha ei stille side*
- Minimum 50 % av rom til støyfølsame bruksformål i kvar buening skal ha vindauge mot stille side.*
- Minst 1 soverom må plasserast på den stille sida*
- Støy på uteopphaldsareal skal likevel ikkje overstige nedre støygrense for gul sone, Lden 55 dB.»*

Det var også semje om at det er naudsynt med eit føresegn som gjeld anleggstøy i planområdet. I denne føresegna må ein som minimum vise til at ein skal følge kapittel 4 i T-1442/2016.

Kommunen foreslår også nokon mindre endringar i planskildringa, som vi støttar. Vi rår likevel kommunen til å i større grad oppdatere planskildringa om utfordringane og løysingane for støy i planen. Det vil vere viktig for og lette prosessen for detaljreguleringsplanen og for den etterfølgjande byggesakshandsaminga.

Konklusjon

Om føresegnene vert innarbeida i planen slik som avtalt, vurderer vi at våre merknadar i samordna uttale datert 18.10.2019 er følgt opp.

Vi forstår det slik at kommunen er i dialog med Statens vegvesen for å løyse deira motsegn. For orden skuld minner vi om at kommunen ikkje kan vedta planen før alle motsegnene er trekt.

Med helsing

Svein Kornerud
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

